

Kjære alle saman, både gamle og nye medlemmar.

2021 har, som året før, vore eit merkeleg år. Etter at "korona" vart ein del av norsk daglegtale, har mykje av aktiviteten dessverre vorte redusert.

Det meste peikte oppover hausten 2019, mellom anna med besøksvennkurs på Sandane. I etterkant av kurset starta vi opp med eldrekafe på felleshuset den 12. februar, men vi rakk berre to treff før vi måtte stenge grunna restriksjonar.

I mellomtida har vi samarbeidd med Frivilligsentralen og andre organisasjonar om besøksteneste på institusjonar og i heimar. Det å samle oss, gjer oss sterkare, og betre organisert. Julekvelden arrangerte vi til dømes julemiddag i Trivselshagen, i samarbeid med Frivilligsentralen, Coop, Trivselshagen og andre frivillige. Oppskrifta var den same som i 2020 - god mat og levande musikk.

Gloppen Røde Kors har ein samarbeidsavtale med Gloppen Kommune, og i samband med vaksinasjonen stilte vi med vakter i Trivselshagen. Vi jobbar for at Gloppen Kommune skal ha ein god beredskap og at befolkninga skal føle seg trygge på at vi er der for dei.



I 2021 jobba vi vidare med "Stopp valden" ved Firda VG, vi starta opp at med meir nattevandring og hjelpekorpsset stilte med sanitetsvakter på Tine-stafetten, Svinestranda opp og Gloppen halvmaraton. I tillegg har hjelpekorpsset arrangert korpskveldar for dei frivillige med ulike aktivitetar og

Det er lagt ned mange dugnadstimar på ei oppussing av hytta på Utvikfjellet. Vi har fått innlagt vatn og kloakk og har oppgradert utstyret, slik at vi no kan leige ut ein trygg og brukarvennleg hytte.

Vårt nye, store prosjekt er å få bygd oss eit eige bygg. Den gamle brannstasjonen er lagt ut for sal, og framtida vår der er usikker. Vi jobbar med å få støtte frå kommunen, slik at vi kan gå i gang med prosjekteringa.

Takka støtta frå dykk medlemmar skal vi få det til, samtidig som vi er i beredskap for dykk. Så tusen takk frå alle oss i styre og råd i Gloppen Røde Kors.

Med vennleg helsing,
Gloppen Røde Kors
Merete Mindresunde, leiar.